



# Me trur på heile Rogaland



*Senterpartiet vil bygge samfunnet nedanfrå.  
Me kjempar for eit samfunn med frie, sjølvstendige  
menneske som tek ansvar for eige liv, for  
fellesskapet, for naturen og miljøet.*

## Tenester nær folk

Senterpartiet seier nei til sentralisering. Gode lokalsamfunn føreset at folk har dei viktigaste tenestene, som skule, politi og omsorg, i sitt nærmiljø. Me treng ikkje ei ny runde med kommunereform og sentralisering. I staden vil Senterpartiet prioritera betre tenester der folk bur og mindre byråkrati.

## Trygg norsk mat

Senterpartiet vil auke norsk matproduksjon fordi norsk mat er i verdsklasse når det gjeld tryggleik og miljø. Me vil vidareutvikle fiskerinæringa vår og styrke det norske havbruket. Senterpartiet vil verne matjorda frå nedbygging, og ha beredskapslagring av matkorn.

## Samferdsel

Senterpartiet vil ha ei storstilt satsing på bygging og vedlikehald av veg og bane i heile Noreg. Me vil ha ei særskilt satsing på fylkesvegane, og på rassikring. I byane må det leggjast til rette for auka bruk av sykkel og kollektivtrafikk.

## Arbeid og næringsliv

Senterpartiet vil sikre alle folk arbeid. Arbeidslivet skal ha anstendige forhold. Senterpartiet vil ha ein sterk arbeidsmiljølov og styrke arbeidet mot sosial dumping. Me vil at norske lovar og reglar skal gjelde framføre EØS-avtalen i norsk arbeidsliv. Senterpartiet vil ha ein aktiv næringspolitikk som lyftar fram næringer der me som land har gode føresetnadnar for å lukkast.

*Senterpartiet vil ha ei ny regjering som ser heile landet, og som står opp for norske interesser.*

## Skule

Noreg skal være best i verda på utdanning. Sjølv om alle lærer ulikt, skal alle elevar få nytte sitt potensiale. Då må lærarane ha tillit og tid til å drive praktisk, variert og relevant undervisning, og til å sjå kvar enkelt elev. Senterpartiet vil ha mindre testing og byråkrati i skulen, og meir til elevane si læring. Yrkesfaga si status i Noreg må styrkast.

## Velferd og helse

Senterpartiet vil sikre gode velferdsordningar. Sjølv om velferdsstaten er eit offentleg ansvar, er Senterpartiet positive til den jobben ideelle organisasjonar gjer. Senterpartiet vil fokusere på førebygging blant anna ved å satse på friluftsliv, idrett og kultur. Alle skal ha rett til helsetenester av høgaste kvalitet, uavhengig av bustad eller sosial bakgrunn.

## Internasjonal politikk

Senterpartiet ønsker ein politikk som bidreg til utjamning både mellom land og i land. Senterpartiet er opptekne av at Noreg skal kunne ivareta eigne interesser og å finne løysingar som passer innbyggjarane våre. Senterpartiet er difor garantisten mot norsk EU-medlemskap. Senterpartiet vil også erstatte EØS-avtalen med handels- og samarbeidsavtalar.

## Forsvar og beredskap

Senterpartiet vil ha ei storstilt satsing på forsvar og beredskap. Me vil ha auka løvyingar til forsvaret. Rogaland er eit av fylka som vert kraftigast råka av regjeringa sine kutt i Heimevernet. Senterpartiet vil styrke Heimevernet og gjenopprette sjøheimevernet. Senterpartiet vil i tillegg ha eit politi som er tilstade i heile landet.



# Stem Senterpartiet

## Topp 7 på stortingslisten

1. Geir Pollestad, 1978, Time, Stortingsrepresentant/jurist
2. Hanne Marte Vatnaland, 1989, Gjesdal, Lærer
3. Arne Bergsvåg, 1958, Vindafjord, Byggmester/gardbrukar
4. Sofie M. Selvikvåg, 1958, Sandnes, Helsesøster
5. Asbjørn Birkeland, 1982, Sauda, Ordfører
6. Kjetil Slettebø, 1987, Bjerkreim, Selger
7. Dagny Sunnanå Hausken, 1963, Rennesøy, Ordfører



Du finn heile vårt program og stortingsliste  
på [www.sp.no/rogaland](http://www.sp.no/rogaland)

Følg oss på facebook • Bli medlem: send kodeord "SP" til 2360